

Skyss
v/Fylkesdirektør Samferdsel Hordaland Fylkeskommune

Lindås kommune
v/Ordfører Astrid Aarhus Byrknes

NYE RUTETABELLAR SKYSS RUTE 330 MASTREVIK – KNARVIK – BERGEN OVER /HAUKÅS – FJELLANGER FRÅ 16.08.18

Det er med stor undring vi registrerer at rutetilbudet Lindås – Bergen (Knarvik) over
Haukås/Fjellanger no er meir eller mindre radert bort.

Det går det ingen bussar via Haukås/Fjellanger i retning Knarvik mellom kl. 06.56 og kl. 12.36 på
kvardagar. Det er jo helst i dette tidsromet folk reiser til Knarvik/Bergen.

Som kjend for dykk ligg alle off etatar, kommunale tenester, apotek osv. i Knarvik.

Vil ein vitja Bergen, går siste bussen attende til Fjellanger/Haukås kl. 16.15.

Det tek bussen knapt 2 minuttar lenger tid å køyra «gamlevegen» enn gjennom Lyngfjelltunellen.

Dette er for dårleg SKYSS !! all den tid både lokale og sentrale styresmakter sterkt fokuserer på å få
redusert personbiltrafikken mest mogeleg både i by og på landsbygda.

Det er vel slik med oss alle, at sit vi oss først i privatbilen, køyrer vi gjerne dit vi skal utan tanke på
miljø og andre forhold. Dessutan er det mange her på Haukås/Fjellanger om ikkje eig privatbil og er
avhengig av off. transport.

Skyss er sertifisert som «Miljøfyrtårn» og tek del i Fylkeskommunens arbeid for å redusera
klimagassutslippa. Dette rimer ikkje med å ta bort folk sine mogelegheiter for å nytta off.
busstilbod.

Som eineorganisorator av off. transport i fylket, synes eg det er underleg at Skyss reduserer det
offentlege rutetilbudet i standen for å auka det.

Som reisande ber eg om at ruter mellom Mastrevik og Knarvik og vice versa blir køyrd om
Haukås/Fjellanger. Det er jo tross alt der folk bur !

Venleg helsing

Terje Fjellanger
Reisande